



Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

10. mai 2021

Nordhordland Utviklingsselskap IKS
5914 Knarvik

Høringsuttale til planprogram for Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Med frist 10. mai 2021 har det interkommunale planutvalet for sjøareal i Nordhordland vedteke å leggja planprogrammet for sjøarealet ut til offentleg ettersyn.

Naturvernforbundet Hordaland og Naturvernforbundet Nordhordland ønskjer å koma med desse innspela:

Målsetting og føremål med arbeidet

Det er positivt at planprogrammet legg stor vekt på berekraftig utvikling og kunnskapsbasert og heilskapleg planlegging. Dette må vera overordna målsettingar i planen. I så måte er det viktig at planen er godt forankra Nordhordland UNESCO Biosfæreområde med dei føringane for berekraftig utvikling som er vedtekne der.

I ulik planlegging har Naturvernforbundet erfaringar med at næringsinteresser vert tekne meir omsyn til enn ikkje-kommersielle interesser. Vi bed om at dette vert balansert ved at interesser knytte til naturmangfold, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, landskapsopplevingar og reint hav vert overordna. Det bør skje gjennom ei kunnskapsbasert tilnærming og ved at ikkje-kommersielle interessegrupper får ein sentral plass med høg grad av medverknad i planarbeidet.

Planprogrammet skisserer lokale utfordringar, felles og særskilte problemstillingar og utforsking og tilrettelegging for å bruke mogelegheiter:

Lokale utfordringar

Produksjonsområde 4 er i raud sone og gir utfordringar med omsyn til næringa sine ønske om vekst. Det er Naturvernforbundet sitt syn av oppdrettsvolumet i Nordhordland er for stort. På grunn av lakselus, forureining og store arealbeslag i konflikt med fiske og friluftsliv, meiner vi volumet og arealbeslaget må ned, i sær i dei mange terskelfjordane i regionen og i korridorane for villaks ut frå dei nasjonale laksefjordane rundt Osterøy.

Felles problemstilling

Mykje av det biologiske mangfaldet i sjø er ukjent. Naturvernforbundet meiner slike hol i kunnskapsgrunnlaget i størst mogleg grad må tettast slik at konfliktar blir avdekte og beslutningsgrunnlaget tilstrekkeleg trygt. Vi vil derfor be om at det i planprosessen vert utført eigne undersøkingar der det er mistanke om truga artar og naturtypar, t.d. korallrev.

Moglegheiter



Her nemner planprogrammet særskilt vindkraft. Naturvernforbundet er prinsipielt sterke motstandarar av industriell vindkraft i verdfull natur, ikkje berre i fjella i Nordhordaland, men òg som botnfaste installasjonar i den sårbare skjergarden i Nordhordaland. Om det blir lagt ut sjøareal til slik verksemd i Nordhordaland, vil det sannsynlegvis utløysa sterk lokal og regional motstand,

Aktuelle tema

Arealanalyse

Som grunnlag for arealvurderingane i planarbeidet vil det bli utarbeida ein GIS-analyse med alt av eksisterande, relevant, kartfesta informasjon. Analysen vil bli supplert med og kvalitetssikra mot lokalkunnskap i kommunane.

Slik arealanalyse vil avdekka viktige moglegheiter og konfliktar, men er likevel avhengig av eit breitt utval av lokale kjelder, frå fiskarar og miljøorganisasjonar til fagfolk i kommuneadministrasjonen.

I tillegg meiner Naturvernforbundet at analysen må supplerast med eigne undersøkingar av miljøtilstanden der det er mistanke om forureining og skade på recipientane, slik Osterøy kommune har gjort i Sørfjorden. Det kan vera i fjordar med oppdrettsanlegg, men òg i recipientar med store punktutslepp frå industri og avløp. T.d. går mykje ureinsa kloakk framleis ut i sjøen i Nordhordland.

Som nemnd lenger framme, meiner vi dessutan det må utførast eigne undersøkingar der det er mistanke om truga artar og naturtypar.

Havbruk

Oppdrettsanlegga ligg tett i Nordhordland, ofte innanfor fjordtersklar, og er ein av grunnane til at området har fått raud status for lakslus, dvs. at volumet skal ned. Naturvernforbundet meiner denne volumreduksjonen må vera permanent og at særleg anlegg i sårbare og forureina fjordar må sanerast. Det gjeld særleg fjordane rundt Osterøy og Masfjorden, men òg Herdlefjorden og Radfjorden. I Radfjorden er det avdekt stor koparforureining frå oppdrettsanlegga der.

Naturområde

Planframlegget understrekar at «det kan vere behov for meir kunnskap her». Naturvernforbundet er samd i denne vurderinga og bed difor at det vert gjort eigne undersøkingar der det er naudsynt. Det kan vera kartlegging av naturverdiar som gyte-, oppvekst- og leveområde for ulike sjøorganismar og sårbart marint naturmangfold.

Område knytt mot landføremål

I sær Fensfjorden grensar til industri- og næringsområde med betydelege utslepp til sjø. Utsleppa er konsesjonsbelagte, men vi opplever stadig brot på konsesjonar med utslepp som kan vera til stor skade for økosystemet i fjorden. I januar 2021 melde Miljødirektoratet Equinor til politiet for oljeutslepp som klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn karakteriserte som «svært alvorlege». Fleire andre punktutslepp og høg tettleik av oppdrett gjer at Fensfjorden og Austfjorden må få særleg merksem i recipientkartlegginga og arealbruken både på sjø og land.

Omsynssoner

Naturvernforbundet vil be om at dette verktøyet får ein sentral plass i planen. Det kan vera område med særleg omsyn til naturmiljø og friluftsliv, t.d. områda nordvest for Fedje mot Holmengrå og tidevasstraumane gjennom Nordhordland, eller soner for bandlegging for naturvern og kulturminne, t.d. den indre farleia og delar av skjergarden utanfor Radøy, Austrheim, Fedje og Gulen, i si tid foreslått som nasjonalpark.



Vindkraft

I høyringsutkastet står det å lesa: «I dette planarbeidet vil ein forsøke å få avklart om det er område nord for Fedje som kan vurderast som eigna for vindmøller montert på sjøbotn.»

Grunnane nord for Fedje med holmar og skjer utover mot Holmengrå hører til eit av dei mest attraktive, men òg sårbare natur- og friluftsområda i Nordhordland og på Vestlandet. Fedje er innflygingsområde for trekkfugl og sjøområda er leveområde for viktige fiskeslag og andre sjøorganismar, delvis raudlista. Innarsøyane har naturvernstatus. Sjøområda er av Miljødirektoratet registrert med store tareskogførekomstar, dvs. viktig oppvekstområde for fisk, sjødyr og andre levande organismar, og mykje kamskjel. Av naturressursar elles er det registrert utstreckte område med skjelsand. Skjergarden vert mykje nytta til yrkes- og fritidsfiske. Difor er òg store delar av området nord for Fedje i kommuneplanen avsett til fiske med m.a. kaste- og låssettingsplassar. Ein annan arealkategori er akvakultur. Nordvest for Fedje ligg dessutan den mykje omtala ubåten U-864 med potensiale for kvikksølvforeureining.

Vindkraft i sjøområda frå Øygarden til Solund vil vera særleg utsett for samanstøyt med skipstrafikk. Talet på skipsbevegelsar er svært høgt. Målt i tonnasje er området i særklasse i Noreg. Store mengder råolje og oljeprodukt blir skipa inn og ut frå Sture og Mongstad. Ved inn- og utseglingar frå hamn er det auka risiko for uhell samanlikna med vanleg transitt, både teknisk og navigasjonsmessig. Det synte samanstøyten mellom fregatten «Helge Ingstad» og tankskipet «Sola» utanfor Sture i 2018. Spesielt tekniske uhell der skip kjem i drift, vil kunne vera katastrofalt. I snitt er det skip i ukontrollert drift årleg i området ved Fedje.

Sjøområdet vest, nordvest og nord for Fedje er m.a.o. konfliktfylt. Botnfaste turbinar her vil få store negative konsekvensar for landskap, naturmangfold, friluftsliv, fiske og turisme og har dessutan forureiningspotensiale i høve til lekkasje og oppvirvling av kvikksølv frå behaldarar i botnsedimenta og ubåten. Faren for katastrofale samanstøyt med skipstrafikk er i tillegg relativt stor.

Slik Naturvernforbundet ser det, vil det vera eit alvorleg feilgrep å gå vidare med planane om vindkraft på Fedje. Kommunen har tidlegare sagt nei til ein større vindturbin mellom Hellisøy fyr og Fedjemyrane landskapsvernområde. Mellom argumenta var omsynet til trekkfugl, landskap og friluftsliv, argument som er gyldige også for sjøområda nord for Fedje.

Dessutan vil Naturvernforbundet understreka at NVE i framlegg til Nasjonal ramme for vindkraft i 2019 ekskluderte Fedje som analyseområde for vindkraft, på lik linje med mykje av kysten elles. Sjølv om vindtilhøva er gode, blei konfliktpotensialet vurdert som for stort. Ramma blei lagt bort av regeringa, men vurderinga av Fedje bør framleis vera gyldig.

Avslutningsvis vil Naturvernforbundet peika på at skjergarden nord for Fedje saman med delar av skjergarden utanfor Radøy, Austrheim og Gulen i si tid blei vurdert for nasjonalparkstatus. Diverre fekk berre mindre delområde landskapsvernstatus. Direktoratet for naturforvaltning understreka likevel at kommunane gjennom plan- og bygningslova skulle ta særlege omsyn til naturmiljøet i heile området.

Innspel frå Alver kommune

Alver kommune har utfordringar med at eksisterande verksemd som driv med havbruk ikkje får utvikla seg på grunn av militær forbodssone i Herdlefjorden. Naturvernforbundet er klar på at denne konsesjonen, som ligg i ein terskelfjord med ut- og innvandring av villaks frå laksefjordane rundt Osterøy, ikkje må få utvida, men helst sanerast.

Innspel frå Austrheim kommune

Austrheim kommune vektlegg omsynet til det sjøbaserte friluftslivet, fiskeri og heimefiske og det varig verna marine området i Lurefjorden. Dei peiker også på at tidevasstraumane gjennom kommunen er



nasjonalt unike og difor må forvaltast på ein særleg omsynsfull og kunnskapsbasert måte. Naturvernforbundet støttar heilhjarta opp under slike omsyn i planen. Det gjeld også Austrheim kommune sitt ønske om oversikt over leveområde/trekkområde/vandringsområde for fisk, fugl og sjøpattedyr. Her vil Naturvernforbundet særleg peika på kartlegging av korallrev, men også tareskogar og trua naturtypar som ålegras.

Innspel frå Fedje kommune

Naturvernforbundet er overraska over Fedje kommune sitt innspel om sjøareal for botnfaste vindturbinar (sjå over) og meiner utlegging av slike område vil vera eit fatalt feilgrep som kan få store negative konsekvensar for landskap, naturmangfald, friluftsliv, fiske og turisme. Vi oppmodar IKPU og Fedje kommune om ikkje å arbeida vidare etter dette sporet. Som for fjella i Nordhordland, der folkeaksjonar, politikarar og ordførarar har stått last og brast mot utbygging av vindkraft, håpar vi det same skjer for den eksponerte og sårbare skjergarden nord for Fedje.

Innspel frå Osterøy kommune

Miljøtilstanden i Sørfjorden er sårbar, og Osterøy kommune har difor lagt inn omsynssone i Sjø- og strandsoneplanen med retningslinjer som sikrar at det vert teke omsyn til miljøtilstanden ved alle typar verksemd. Omsynet kjem etter grunding kartlegging av fjorden, som er sterkt påverka av organiske partiklar.

Naturvernforbundet meiner dette er eit døme til etterfølging for den interkommunale planen og at fleire fjordar og resipientar bør kartleggjast og klassifiserast på liknande vis. Her nemner vi spesielt dei indre og midtre terskelfjordane, men også resipientar utanfor nye og gamle industri- og avløpsanlegg, t.d. Fensfjorden utanfor Mongstad og dumping av tungmetall og malingsrestar i sjøen etter tidlegare sandblåsing på Mastrevik Slip i Austrheim.

Medverknad

Erfaringar med tilsvarende planar andre stader i landet, ikkje minst Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger, syner at for å unngå store og grunnleggjande konfliktar, er høg grad av medverknad viktig. Det har vore slik at utbyggingsfokuserte næringsinteresser har pressa hardt på, medan naturomsyn ofte har kome meir i bakgrunnen. ‘

I den interkommunale planen for Nordhordland bør ein tilstreba balanse. Som vert sagt i høyringsdokumentet, skal berekraftmåla vera styrande og planen skal vera forankra i Nordhordland sin status som UNESCO Biosfæreområde. I tillegg meiner Naturvernforbundet at naturmangfald og klima må få ei overordna rolle slik FN meiner det skal ha i alle planlegging.

Det betyr også, slik Naturvernforbundet ser det, at dei ikkje-kommersielle organisasjonane og aktørane må vera godt ivaretakne og representerte i prosessen, ikkje minst natur- og friluftsorganisasjonane og skulane. I så måte er det positivt at miljø- og friluftsorganisasjonane er inkludert i planen med eiga ressurs- og innspelsgruppe.

Som hovudaktivitetar for medverknad nemner høyringsutkastet digital dialog, workshops og temamøte. I den grad covid-19 opnar for det, bør medverknad skje gjennom fysiske møte. Det er foreslått workshops med næringsliv og politikarar og friluftsliv. Naturmilø er ikkje nemnt, men bør ha ein sentral plass i ein workshop, t.d. samane med friluftsliv.

Konsekvensutgreiling (KU)

KU tek utgangspunkt i eksisterande data. Om det som skjer under havoverflata og på botnen, er kunnskapen mangefull. Naturvernforbundet vil derfor be om at det vert gjort eigne undersøkingar og kartlegging der konfliktpotensialet i vassøyla og på sjøbotnen er høgt. Frå før er Masfjorden og Sørfjorden bra kartlagt. Vi ønskjer tilsvarende undersøkingar andre stader der forureininga kan vera



Naturvernforbundet
Hordaland



Naturvernforbundet
i Nordhordaland

stor. Fensfjorden utanfor Mongstad er nemnd, men også terskelfjordar med oppdrett, ureinsa kloakk og forureina sjøbotn utanfor ny og gammal industri bør vera i fokus.

KU bør dessutan ha som mål å kartleggja naturtypar og artar som er dårleg kartlagde i Nordhordland, t.d. korallrev.

Samla belastning må ha ei overordna rolle når den interkommunale planen skal utformast. Det gjeld i sær i høve til innspelet om vindkraft på Fedje, der konfliktpotensialet er svært stort, og ved avsetting av areal til oppdrett.

Oppsummert

1. Planen må vera tufta på FN sine berekraftmål med overordna vekt på naturmangfald og Nordhordland sin status som UNESCO Biosfæreområde.
2. Innspelet om sjøareal for botnfast vindkraft nord for Fedje har så høgt konfliktnivå at planane ikkje må takast med vidare i planprosessen.
3. Oppdrettsvolumet i Nordhordland er for stort. På grunn av lakselus, forureining og store arealbeslag i konflikt med fiske og friluftsliv, må volumet og arealbeslaget ned, i sær i dei mange terskelfjordane i regionen og i korridorane for villaks.
4. Ikkje-kommersielle aktørar, m.a. natur- og friluftsorganisasjonane, bør få ein sentral plass i planarbeidet.
5. Det bør gjerast eigne kartleggingar der konfliktpotensialet i sjøen er stort og der det er mistanke om raudlista naturtypar og artar som ikkje er kartlagde.

Synnøve Kvamme
fylkessekretær
Naturvernforbundet Hordaland

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland